



Ellen Marie Linde Nordberg
Løhøyen 14b
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4268 - 22/45791

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
14.06.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 417/124 Rossnes

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 417/91,124
Tiltakshavar: Ellen Marie Nordberg

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.05.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Eigedomen ligg innanfor byggje- og delegrense mot sjø (100 meters beltet). Det må søkjast om dispensasjon frå byggje- og delegrensa mot sjø jf. Pbl §1-8. Informasjon om dispensasjon finn du mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#). Og i vedlagte skriv.
2. Nabo har kvittert for samtykke for tiltaket utan at det er kryssa av for det. Kommunen vil leggja til grunn at nabo har kvittert for at ho samtykker til tiltaket. Om dette ikkje stemmer må me få melding om det. Om kvitteringa gjeld for motteke varsel må det gjerast greie for om det er kome nabomerknader.
3. Kommunen har sett litt på oppgjeve areal og motteken situasjonsplan. Me vil leggja til grunn at det vert søkt om arealoverføring av omlag 150m² frå gbnr 417/124 til gbnr 417/91. Og omlag 22m² frå gbnr 417/91 til gbnr 417/124. Sjå vedlagt kartskisse.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.07.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartskisse 417-124

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

Kopi til:

Taule Eiendom Og Invest As	Storsteinen 3	5911	Alversund
----------------------------	---------------	------	-----------

Mottakarar:

Ellen Marie Linde Nordberg	Løhøyen 14b	5911	ALVERSUND
----------------------------	-------------	------	-----------